



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100

### Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 31.01.2017 kl 19.00 i Kyrkjelydshuset.

#### Desse møtte:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Borgny Birkeland, Lisbeth Haugsbø, Jarle Berge, Runar Matsui-Li og Sturla Bell Fossen.

Meldt forfall: Leif Arne Fureli, Anne Lise Ljotebø og Stine Iren Røyseth.

#### Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Arve Varden, Toril Lange, Eldrerådet

**Sakliste:** Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte. Ingen merknadar.

#### Meldingssaker

##### 000001 Soknepresten har ordet

Soknepresten las ein bibeltekst, og delte med oss nokre tankar rundt den.

##### 000002 Rekneskapsrapport 2016

Rekneskapsrapporten vart elles teken til vitring slik den førelåg.

##### 000003 Kyrkjeleg årsstatistikk 2016.

Årsstatistikken vart teken til vitring slik den førelåg.  
Soknerådet minner kyrkjekontoret om å nytte nynorsk målføre der det er mogeleg.

##### 000004 Kyrkjeeubileum 2019.

Leiaren orienterte om handteringa av saka så langt, og kunne opplyse at tre personar er spurde om, og har sagt ja til, å vera med i ei nemnd: Geir Ivar Ramsli, Finn Trædal og Helga Hjetland. To andre aktuelle medlemmer kan vere: Karl Magnus Gudvangen og Gunnhild K. Bekkelien.

Soknerådet må ha kyrkjeeubileumet som vedtakssak i møta framover.  
Leiaren førebur ei sak til neste møte, der mandatet til nemnda vil vere eit viktig tema.  
Dei tre som har sagt ja til no vert innkalla til soknerådsmøtet i denne saka.

##### 000005 Salmebøker med stor skrift.

20 stk. bøker med stor skrift er innkjøpte og vert fordelte likt mellom Kyrkjebø og Vadheim.

##### 000006 Plan for kyrkjemusikk.

Leiaren tek saka oppatt i Kyrkjeleg Fellestråd på f k møte.  
Medlemmer frå Kyrkjebø i ei evt. plannemnd vert Digranes og soknepresten.  
Det vart opplyst at Høyanger har 150 % stilling fordelt på to organistar (80 % + 70 %).

## **Vedtaksaker:**

**Sjå egne vedlegg for kvar vedtakssak !**

### **Sak 001/17 PLANLEGGING AV ÅRSMØTE 2017.**

Årsmøtet for soknet vert i kyrkjelydshuset etter gudstenesta på Kyrkjebø 26. febr.  
Leiaren oppmodar om at alle soknerådsmedlemene møter. Alle er kyrkjevertar denne dagen.

### **Oppgåvefordeling:**

Leiar skriv årsmeldinga. Kyrkjekontoret ferdigstiller rekneskapen.  
Leiar lagar innkalling/plakatar, og får hjelp til å henge opp plakatane.  
Tilrettelegging på Kyrkjelydshuset: Lisbeth, Anne Lise (?) og Sturla. Møter kl 10.00, Irene har nøkkel.

Val av styremedlem m/personleg vara til stiftinga Kyrkjelydshuset vert sak på neste soknerådsmøte.

### **Sak 002/17 sjå egne vedlegg !**

### **Sak 003/17 FASTEAKSJONEN 2017.**

Aksjonen vert avvikla tysdag 4. april. Kyrkjebø og Vadheim har til saman berre 4 konfirmantar dette året.

Soknepresten prøver difor å få organisert det slik at også Høyanger-konfirmantane og evt. fjorårs-konfirmantane kan vere med som bøsseberarar på Kyrkjebø og i Vadheim.

Lisbeth og Irene stiller på Kyrkjelydshuset, og Borgny i Bedehuskapellet aksjonsdagen.

### **Sak 004/17 BEVISSTGJERING OM URETT OG VALD MOT BARN.**

Etter initiativ frå medlem i soknerådet vart ordlyden i det fjerde bodet drøfta.  
Dette vart sett opp mot den urett og vald som mange born i dag opplever – også i nære relasjonar.

## **VEDTAK:**

Kyrkjebø sokneråd har drøfta saka, og vil kome attende til korleis ein evt. kan arbeide vidare med desse problemstillingane i ei seinare sak.

Møtet slutt ca: 21.10

Sturla Bell Fossen  
skrivar